
Fra: Morgan Sagstad <msagstad@hotmail.com>
Sendt: 21. august 2018 22:40
Til: Berit M Eskeland
Emne: Ang. søknad om akjørsel frå kommunal veg

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei

Eg forstår det slik at du treng litt meire opplysninger rundt opparbeiding av vegkant/siktelinje.

Langs Sagstadvegen nedenfor området tenkt brukt til velteplass/oppstillingsplass, er det en låg bakkemur som er svært nær vegbana. Dette er fordi vegbana fram igjennom tidene har blitt litt breiare. Dette er ein gamal veg bygd etter gamal standard. Tanken er å ta vekk bakkemuren for å gje bedre oversikt, samt få plass til vegskulder og grøft. Med ei slik løysing blir det bedre plass langs vegkanten. I tillegg til betre oversikt, blir det mulig å utføre grøfterens maskinelt. Det blir også god plass til brøytekant og vatn frå veien. Når me trekker skråbakken litt ifrå vegbana blir behovet for slåttearbeid langs vegen redusert. Det vil være nok å slå ein gong midt på sumaren, og ein slik slett skråbakke er enkel å ha med å gjere. Det som er viktig er at bakken ikkje vert for bratt, slik at den ligg stabilt. Det vert ikkje nødvendig å grave i den kommunale vegen.

Håper dette er god nok forklaring til kva som er tanken med endringa langs vegen. Dersom du har spørsmål, ta gjerne kontakt med meg på mob 91836508.

Mvh Morgan Sagstad